

Vedtekter for Kjeldsund

(Sist vedteke av ekstraordinært årsmøte 1.6.2026)

§ 1 Foreininga sitt namn

Foreininga sitt namn er Kjeldsund.
Kjeldsund vart stifta 26.09.2024.

§ 2 Formål

Foreininga Kjeldsund har til formål å:

- drifte leirstaden Kjeldsund
- bidra til å realisere måla til Det Norske Misjonsselskap (NMS) og NMS U¹
- drive pedagogisk leirskule- og opplevingsverksemd

Verksemda vert driven i og frå Kjeldsund, med kontoradresse:
Kjeldsundvegen 111
6080 Gurskøy

§ 3 Juridisk person

Foreininga er ei sjølvvegande og frittståande juridisk eining.

§ 4 Medlemmer

Alle myndige personar kan bli medlem i foreininga. Medlemskap i foreininga er gyldig frå den dagen kontingenten er betalt.

§ 5 Stemmerett og valbarheit

Alle medlemmer har stemmerett og kan veljast til verv i foreininga.

§ 6 Kontingent

Kontingenten vert fastsett av årsmøtet og skal betalast på forskot. Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og kan strykast som medlem av foreininga. Dersom eit medlem vert stroken, kan vedkomande ikkje takast opp att som medlem før uteståande kontingent er betalt.

§ 7 Godtgjersle til tillitsvalde

Tillitsvalde skal ikkje ta imot honorar eller anna godtgjersle for verva sine.

¹ Grunnreglane §2 lyder: «NMS bygger sitt arbeid på Guds Ord og Den norske kirkes bekjennelsesskrifter.»

§ 8 Årsmøte

Årsmøtet skal heldast årleg innan utgangen av april, og er foreininga si høgste myndigheit.

Styret kallar inn til årsmøtet med minst 14 dagars varsel, med opplysing om dagsorden og kvar sakspapira til årsmøte er tilgjengelege. Innkalling skal skje gjennom kunngjering som er tilgjengeleg for alle medlemmene.

Framlegg som skal handsamast på årsmøtet, må vere sende til styret seinast 10 dagar før årsmøtet.

Møteleiar vert vald av årsmøtet. Årsmøtet handsamar årsmelding og revidert rekneskap, og gjennomfører val.

Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet og kan delta. Årsmøtet er vedtaksført med det tal stemmeføre medlemmer som er til stades.

Årsmøtet kan berre handsame framlegg om vedtektsending som er ført opp på saklista seinast 14 dagar før årsmøtet. Vedtektsending krev 2/3 fleirtal. Årsmøtet kan ikkje gjere vedtak i saker som ikkje er førte opp på saklista.

§ 9 Stemmegjeving på årsmøtet

Dersom ikkje anna er fastsett, er eit vedtak gyldig når det er gjort med alminneleg fleirtal av dei gitte stemmene.

Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg. Berre føreslegne kandidatar kan førast opp på stemmesetelen. Alle stemmeføre kan krevje skriftleg val.

§ 10 Dagsorden på årsmøtet

Årsmøtet skal:

1. handsame årsmeldinga for føregåande år
2. handsame revidert rekneskap for føregåande år
3. handsame styret sin handlingsplan og budsjett for det komande året
4. handsame innkomne framlegg
5. fastsetje kontingent
6. gjennomføre val av:
 1. styremedlemmer
 2. revisor
 3. valkomité på 3 medlemmer

§ 11 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan heldast når styret gjer vedtak om det, eller når minst 1/3 av dei stemmeføre medlemmene krev det.

Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte på same måte som til ordinært årsmøte, med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og gjere vedtak i dei sakene som er kunngjorde i innkallinga.

§ 12 Styret

Foreininga vert leia av eit styre på 5 medlemmer og 2 varamedlemmer. Styret er foreininga si høgste myndigheit mellom årsmøta.

Årsmøtet vel styremedlemmer. Styremedlemmer og styreleiar vert valde for 2 år om gongen, og kan veljast att inntil 2 gonger. Styret konstituerer seg sjølv, og styreleiar vert vald blant styremedlemmene. Styret skal føre protokoll over forhandlingar og vedtak.

Styret skal:

1. iverksette årsmøta sine vedtak
2. oppnemne komitear/utval/personar etter behov og utarbeide instruks for desse
3. administrere og føre nødvendig kontroll med Kjeldsund sin økonomi i tråd med gjeldande instruksar og føresegner
4. representere foreininga utetter
5. tilsetje dagleg leiar

Styret skal halde møte når styreleiar, eit fleirtal av styremedlemmene eller dagleg leiar ber om det. Styret er vedtaksføre når meir enn halvparten av styremedlemmene er til stades. Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal av dei gitte stemmene. Ved likt stemmetal har møteleiar dobbelstemme.

Foreininga vert teikna av styreleiar og dagleg leiar kvar for seg.

§ 13 Vedtektsendring

Endringar i vedtektene kan vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei gitte stemmene.

§ 14 Oppløysing (samanslåing og deling)

Oppløysing av foreininga kan handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteken med minst 2/3 fleirtal, skal styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysing skal skje, må vedtaket gjerast på nytt i ekstraordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Årsmøtet kan velje eit avviklingsstyre som skal stå for avviklinga. Det ordinære styret kan veljast til avviklingsstyre, og fungerer som avviklingsstyre dersom ikkje anna val vert gjort.

Foreininga si formue skal, etter oppløysing og all gjeld er gjort opp, tilfalla føremål som foreininga arbeider for å fremje, som Det Norske Misjonsselskap (NMS/NMS U) og andre nærstående føremål fastsette av årsmøtet. Ingen medlemmer har krav på foreininga sine midlar eller del av desse.

Samanslåing med andre leirstadforeiningar i NMS/NMS U, eller deling til fleire samanslåtte/delte foreiningar, vert ikkje rekna som oppløysing. Vedtak om samanslåing/deling, og nødvendige vedtektsendringar i samband med dette, vert gjort i tråd med føresegna om vedtektsendring, jf. § 13. Styret skal i denne samanhengen utarbeide ein plan for samanslåing/deling som årsmøtet skal stemme over. Ved samanslåing eller deling skal det hentast inn samtykke frå foreininga sine kreditorar.